


FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET

- 8 JUNI 1995

ÅRSMELDINGAR

1980 - 1981 - 1982



FISKERIRETTLEIAREN I HERØY

MØRE OG ROMSDAL

3388/6 76

F O R O R D .

Denne årsmeldinga omfattar åra 1980, 1981 og 1982.

Siste framlagde årsmelding frå dette kontoret var frå 1979.

Grunnen til manglande årsmeldingar har si årsak i arbeidspresset ved Fiskerirettleiarkontoret i Herøy. Stor saksmengde og hyppige klientbesøk har gjort det omtrent umogleg med å få gjennomført noko planmessig arbeid med årsmeldingane.

Denne årsmeldinga/ane er utarbeidd av fungerande fiskerirettleiar Paul-Gustav Remøy, og midlertidig tilsett sakshandsamar Odd Sævik.

I N N H A L D

Nemder i Herøy med tilknyting til fiskerinæringa	:	s. 0
Kap.1.0 Fiskeriretteliarkontoret/fiskerinemnda:	:	s. 1
Kap.2.0 Statens Fiskarbank-lånesøknader	:	s. 3
Kap.3.0 Tilsot frå Olje/fisk-fondet til industritrålarane	:	s. 11
Kap.4.0 Fiskarmannatalet	:	s. 13
Kap.5.0 Fiskeflåten i Herøy	:	s. 17
5.1 Ringnot	:	s. 18
5.2 Industritrål	:	s. 22
5.3 Reketrål	:	s. 22
5.4 Bankline	:	s. 23
5.5 Ulike kombinasjonsfarty	:	s. 23
5.6 Kystfiskeflåten	:	s. 25
Kap.6.0 Fisketilvirkning i Herøy	:	s. 28
6.1 Sildolje/sildemjøl	:	s. 29
6.2 Røykeri	:	s. 30
6.3 Hermetikk	:	s. 31
6.4 Fryseri/ferskfisk	:	s. 32
6.5 Klippfisk/tørrfisk	:	s. 33
6.6 Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag avd. Fosnavåg	:	s. 34
Kap.7.0 Service for fiskeflåten i Herøy	:	s. 35
Kap.8.0 Søknader om eigedomsrett og konsesjonar for fiskefarty	:	s. 40
Kap.9.0 Aquakultur	:	s. 42
9.1 Oppal av fisk	:	s. 42
9.2 Oppal av muslingar	:	s. 42
Kap.10.0 Andre saker	:	s. 44
10.1 Lineeignesentralar i Herøy	:	s. 44
10.2 Forsøksfiske etter makrell	:	s. 45
10.3 Skadar på trålreiskap for industritrålar flåten	:	s. 46
Sluttvurderingar	:	s. 47

NEMDER I HERØY MED TILKNYTNING TIL FISKERINÆRINGA

FISKERINEMDA I HERØY 1980-1983

- 1:Arne Sævik, 6094 Leinøy:Formann
- 2:Arnt Leinebø, 6094 Leinøy, nestformann.
- 3:Otto Kalland, 6096 Runde
- 4:Kleofas Kvalsvik, 6099 Kvalsvikøy
- 5:Odd Egil Sævik, 6094 Leinøy

Personlege varamedlemmar

- 1:Einar Nerland, 6094 Leinøy
- 2:Knut P. Sævik, 6094 Leinøy
- 3:Reidar J. Remøy, 6094 Leinøy
- 4:Hans Petter Leine, 6094 Leinøy
- 5:Johan I. Frøystad, 6095 Bølandet.

TAKSTNEMD FOR STATENS FISKARBANK ! PERIODA 1980--1983

Arne Sævik, 6094 Leinøy (form.)

Elias Tjervåg, 6070 Tjørnvåg

Knut P. Sævik, 6094 Leinøy

Varamenn:

Reidar Remøy, 6094 Leinøy

Johs. Bj. Eggesbø, 6092 Eggesbønes

Arne Jøssok, 6080 Gurskøy.

LOKALE FISKARLAG I HERØY

Kapittel 1: FISKERIRETTLEIARKONTORET- FISKERINEMNDA.

Kap. 1.10. Fiskerirettleiarkontoret

Fiskerirettleiringstenesta i Herøy har i dei siste åra vore utsett for ei viss grad av uvisse.

Frå 1/1-1979 vart tenesta reint kommunal ettersom Hareid/ulstein fekk overta den ordinære fiskerirettleiari stillinga ved delinga av distriktet. Herøy vart ført opp som nr. 5 på prioriteringslista for statlege stillingar. Ettersom det berre vart bevilga midlar til fire nye stillingar, var fiskerirettleiari stillinga communal til 31/12-1981.

Frå 1/1-1982 overtok endleg staten stillinga.

Samstundes vart og dei utgiftene som arbeidet til fiskerinemda fører med seg overteke av staten.

Fiskerisekretær Ragnvald Vågsholm hadde permisjon frå stillinga frå 10/4-15/8-1981. Skipper Odd Sævik vikarierte i denne perioda i stillinga.

Frå 1/1-81 til 31/12-82 fekk kontoret tildelt ei stilling som kontorassistent. Lisbeth Moltu hadde denne stillinga.

Fram til 14/6-82 hadde fiskerikontoret lokale i rådhuset i Fosnavåg. Plassen her var svert begrensa. Etter nemnde dato fekk kontoret leigd lokale i Fosnavåg sentrum. Dei nye kontora er rommlege og har gitt fiskerirettleiari-tenesta eit lenge sakna behov for betre plass både til møteverksemder, motak av klientar og arkivering av stadig aukande publikasjons-og dokumenthaugar.

Etter som Herøy er ei stor og særskilt aktiv fiskerikommune, er arbeidspresset på Fiskerikontoret stort. Difor er det ynskjeleg med ei fast sakshandsamar/kontorassistent-stilling.

Det kan berre konstaterast at fiskerikontora stadig blir pålagt fleire byråkratiske oppgåver utan at dette blir fylgt opp med auka kapasitet til å taka seg av desse oppgåvene.

Dette fører til at det stadig har blitt vanskelegare for fiskerirettleiaren å "fylle" den stillingsinnstruksen som gjeld. Aktivt tiltaks og utviklingsarbeid må stadig meir vike plassen for rutinemssig skjema -arbeid.

Kap.1.20: Fiskerinemnda..

Fiskerirettleiaren er fast sekretær for fiskerinemnda.

I Herøy har ein naturleg nok i periodar ein svært høg møtefrekvens.

Særleg gjeld dette på dei såkalla "mini-møta", der berre formann eller nestformann møter. På desse møta blir dei meir rutinemassige sakene behandla. Sakene frå desse møta blir refererte på dei ordinære fiskerinemdsmøta. Antal mini-møte er på omlag 25-30 pr. år.

Ein har 3-4 ordinære møte i fiskerinemnda der større saker blir tekne opp.

I 1982 var det ekstra stor møteaktivitet i fiskerinemnda grunna revisjonen av fiskarmanntalet. Det var såleis heile 4 ekstraordinære fiskerinemndsmøte til behandling av det store antalet manntalssaker.

På desse møta møtte også trygde-sjefen i kommunen.

Grunnen til at ein har denne møtestrukturen er åpenbar.

Dei fleste av medlemmene er aktive fiskarar, og det er difor store vanskar med å få samla eit vedtaks-dyktig antal i store delar av året.

Antal og type saker som er behandla vil gå fram av dei følgjande kapitla.

Kapittel 2.00. STATENS FISKARBANK

Ein stor del av arbeidsoppgåvene til Fiskerikontoret-, og fiskerrinemnda har tilknyting til Statens Fiskarbank avd. Ålesund.

Reint generelt kan ein vel slå fast at utlånsrammene har tildels vore svært stramme i desse tre åra. Dette vil gå fram av materialet frå dei enkelte flåte gruppene.

2.1 Likviditetslån

Det har ikkje vore innvilga eller omsøkt noko form for likviditetslån i perioda for fiskeflåten i Herøy.

2.2 Utsetjing på betaling av avdrag på lån i Statens Fiskarbank.

Det var også ein god del søknader om utsetjing på betaling av avdrag på lån i alle dei tre åra.

Vanlegvis var det søknader om utsetjingar på eit halvt år mot betaling av forfalne renter.

Generelt har alle desse søknadane blitt innvilga med utsetjingar på eit halvt år.

Tabell...?... viser utviklinga i antall søknader for dei tre åra spesifisert på fartygrupper.

Det må understrekast at at enkelte farty hadde inne fleire søknader om betalings-utsetjing utan at dette går fram av tabellen. Tabellen viser også for kuriositetens si skuld antal søknader for 1979.

Tabell....2:1. Utviklinga i antall søknader om utsetjing på betaling av avdrag på lån i Statens Fiskarbank for åra 1979-1982.

	1979	1980	1981	1982
Ringnot	16	8	6	9
Industritrål	8	5	5	5
Reketrål	1	1	0	0
Bankline/ garn/brugde/ kval	3	3	2	2
Kystfiske	2	5	0	1
Totalt	30	22	13	17

Tabellen viser ein viss nedgang i antal søknader sidan 1979. Det er enno gruppene ringnot og industritrål som er dei dominerande når det gjeld slike søknader. Dette er vel også eit av bileta på den økonomiske situasjonen til desse flåtegruppene.

2.3.....Reiskapslån.....

Eit trekk i utviklinga innanfor denne lånegruppa er at det i dei tre siste åra har kome inn svært få søknader frå ringnotflåten. Dette viser at ein innanfor denne farty-gruppa søker å halde reiskapsinvesteringane på eit minimum. Trass i dette representerar likevel desse søknadane dei desidert største lånesummene.

Gruppene industritrål og reketrål hadde ikkje inne søknader i det heile før i 1982.

Innanfor gruppa andre havdfiskefarty (Bankline /garnflåten) er det særleg den auka vekta på garnfisket i Nordsjøen som har gitt seg utslag i antal søknader og summar.

Kystfiskeflåten har hatt inn det største antalet søknader på reiskaps-lån av alle flåtegruppene. Antalet søknader har imidlertid gått noko attende i tre-års-perioden. Denne gruppa er ellers kjenneteikna av å ha den lavaste innvilgnings-prosenten av alle flåtegruppene.

Tabell.2.2 s.5. viser utviklinga i antal lånesøknader:omsøkté og innvikla lånsummar, og antal omsøkte og innvilga lån for dei ulike flåtegruppene.

Tab. 2.2. Reiskapslån; Omsøkte, Innvilga beløp for
åra 1980, 1981 og 1982

Fartygrupper	1980		1981		1982	
	i 1000kr	Ant søkn.	i 1000kr	Ant søkn.	i 1000kr	ant søkn.
<u>RINGNOT</u>						
Omsøkt :	200	1	2000	2	0	0
Innvilga :	100	1	0	0	0	0
Innvilga i prosent:	50	100	0	0	0	0
<u>INDUSTRI/REKE-TRÅL</u>						
Omsøkt :	0	0	0	0	320	2
Innvilga :	0	0	0	0	210	2
Innvilga i prosent:	0	0	0	0	65	100
<u>ANDRE HAV-FISKEFARTY</u>						
Omsøkt :	0	0	150	1	200	1
Innvilga :	0	0	100	1	0	0
Innvilga i prosent:	0	0	66,6	100	0	0
<u>KYSTFISKE</u>						
<u>FARTY</u>						
Omsøkt :	128	5	35	2	44	2
Innvilga :	40	2	0	0	0	0
Innvilga i prosent:	31,3	0	0	0	0	0
<u>TOTALT</u>						
Omsøkt :	518	6	2285	3	564	5
Innvilga :	140	3	100	1	210	2
Innvilga i prosent:	27	50	4,3		37,2	

24.....Lån til ombygging og utstyr.

Med dei vanskar fiskerinæringa har vore inne også i dei siste tre åra har Statens Fiskarbank prioritert vedlikehald og moderniseringar på dei eksisterande fartya.

Innanfor gruppa ringnotfarty vart det ma. søkt om lån til mindre ombyggingar og forbetingar. I denne samanhengen kan det nemnast:Påbygging av tverrhekk(betreplass for nøtene), Montering av fryserianlegg, Utskifting av elektrisk/elektronisk anlegg og instrument, Nye og betre vinsjar,sidepropellar,kraftblokker osb.

Det kan konstaterast ein viss auke i låneaktiviteten hjå industritrålarane i denne perioda for denne typen lån.

Fartya har blitt opprusta både når det gjeld betre overbygg,lugarar, vinsjar, elektrisk anlegg,og auka evne til å taka vare på fisken når den har kome ombord (montering av kjøleanlegg til konsumfisken (bifangst). Desse fartya har i tillegg til desse låna også i stor grad nytta seg av dei midlane som Olje/fisk-fondet har stilt til rådvelde til kvalitetsforbetring av desse båtane. Sjå side..11.....

Bankline og garnbåtane (Gruppa andre havfiskefarty) søkte og hovedsakleg om midlar til forberingar av fartya som nytt lysanlegg,lugarar redningsutstyr ol.

Når det gjeld kystfiske-flåten hadde den også innan denne typen lån det største antalet, men dei einskilde summane var oftast svært små samanlikna med dei andre farty -gruppene.

Låna det vart søkt om var stort sett tenkt til ting som overhaling/utskifting av motaorar,garnspel,elektrisk/elektronisk utstyr som radarar og ekkolodd.

Tabell.2:3...s.7... viser,spesifisert på fartygrupper og totalt, omsøkt beløp,innvilga beløp,antal omsøkte og innvilga søknader, i 1000kr og prosent for åra 1980,1981 og 1982.

Tab. 2.3.. Lån til ombygging og utstyr
i perioda 1980-1982

Fartygrupper	1980		1981		1982	
	i 1000kr	Ant søkn	i 1000kr	Ant søkn	i 1000kr	ant søkn.
<u>RINGNOT</u>						
Omsøkt :	1850	5	250	1	8250	6
Innvilga :	900	4	200	1	4000	5
Innvilga			80	100	48,4	83,3
i prosent:	97,2	100	80	100	48,4	83,3
<u>INDUSTRI/</u>						
<u>REKE-TRÅL</u>						
Omsøkt :	1800	2	1752	3	2850	4
Innvilga :	1750	2	1750	3	2450	4
Innvilga						
i prosent:	97,2	100	99,8	100	85,9	100
<u>ANDRE HAV-</u>						
<u>FISKEFARTY</u>						
Omsøkt :	515,5	3	5178	2	852	2
Innvilga :	400,0	2	0	0	630	2
Innvilga						
i prosent:	77,6	66,7	0	0	86	100
<u>KYSTFISKE</u>						
<u>FARTY</u>						
Omsøkt :	135,8	6	100	2	30	2
Innvilga :	95,0	5	25	1	20	1
Innvilga						
i prosent:	70,0	83,3	25	50	66,6	50
<u>TOTALT</u>						
Omsøkt :	4301,3	16	7280	8	11982	14
Innvilga :	3145,5	13	1975	5	7100	12
Innvilga						
i prosent:	73,1	81,3	27,1	62,5	59,0	85,7

2.5. Lån til brukte og nye farty

Interessa for nybygg har vore relativt lav også i dei tre siste åra.

Unnataket for dette er innan gruppa kystfiskefarty. Her har imidlertid innvilgningsprosenten vore svært lav.

Kjøp av brukte farty og dermed søknad om nye lån subsidiert overtaking av påkvilande lån, har hatt større interesse.

Generellt er det er det innafør gruppa ringnot at ein enno har dei største summane. Men det har likevel vore ein tendens til utover i perioda at andre flåtegrupper innan havfiskeflåten har kome sterkare inn i biletet.

Tabell 2.4 s.9 viser, spesifisert på dei ulike fartygruppene og totalt, omsøkt og innvilga beløp og antal omsøkte og innvilga søknader.

Statistikken viser ikkje tilhøva heilt reellt. Søknader om overtaking av påkvilande lån er ikkje utskilt særskilt.

Innan gruppa ringnot -gruppa har ein det spesielle tilhøvet at berre eit av samtlige innvilga lån har blitt realisert i heile perioda. Dette eine lånet (frå 1982) er ei overføring av eit påkvilande lån. Grunnane til at lånesøkjarane i dei andre tilfella trekte seg, var vel stort sett ein kombinasjon av problem med restfinansieringane, og omvurderingar av innteningsevna tilfartya.

Den eine innvilga søknaden i gruppa Industri/reketrål, gjaldt innkjøpet av den rekefrysetrålaren som kom til kommunen i 1982.

Låneaktiviteten til kystfiskeflåten har auka i perioda. Det er likevel, som før nemnt, verdt å merkje seg at innvilgningsprosenten heile tida har vore svært lav.

2.6. Lån til utbygging av kaier/lån til Fiskeindustrien

Det har også vorte behandla ein del lånesøknader til utbygging av kai-anlegg og utstyr til fiske-industrien i Herøy.

Tabell 2.5 s.10 gir ein oversikt over antal omsøkte/innvilga lån, og samla omsøkt/innvilga lånesum for dei tre åra.

Tabell... 24... Lån til brukte og nye farty i ulike
fartygrupper for åra 1980, 1981 og 1982.

Fartygrupper	1980		1981		1982	
	i 1000kr	Ant søkn	i 1000kr	Ant søkn	i 1000kr	ant søkn
<u>RINGNOT</u>						
Omsøkt :	3500	1	2508	2	9000	2
Innvilga :	3000	1	2000	1	7400	2
Innvilga i prosent:	85,7	100	79,7	50	82,2	100
<u>INDUSTRI/ REKE-TRÅL</u>						
Omsøkt :	0	0	0	0	4962	1
Innvilga :	0	0	0	0	4962	1
Innvilga i prosent:	0	0	0	0	100	100
<u>ANDRE HAV-</u>						
<u>FISKEFARTY</u>						
Omsøkt :	2500	1	4001,7	5	0	0
Innvilga :	0	0	1978,5	2	0	0
Innvilga i prosent:	0	0	49,4	0	0	0
<u>KYSTFISKE FARTY</u>						
Omsøkt :	448,5	5	1805	15	2159	13
Innvilga :	56,0	2	450	4	100	1
Innvilga i prosent:	12,5	40	24,9	26,6	4,6	7,7
<u>TOTALT</u>						
Omsøkt :	6448,5	7	8314,7	22	1612,1	16
Innvilga :	3056,0	3	4428,5	7	1246,2	4
Innvilga i prosent:	47,4	42,3	53,3	31,8	77,3	25

Tabell 2.5: Antal omsøkte/innvilga ,samla omsøkt/innvilga beløp
 for utbygging av kai-anlegg og utstyr til fiske-industrien for
 åra 1980,81 og82.

År	1980		1981		1982	
	1000kr	Ant	1000kr	Ant.	1000kr	Ant
Omsøkt:	1300	3	0000	0	1411	6
Innvilga;	700	2	0000	0	1000	3

Kapittel 3..... Tilskot i frå Olje/fisk-fondet til industritrålarflåten for anskaffing av utstyr for konsum/kombinert fiske i Nordsjøen.

Som nemnt i avsnittet om industritrålarflåten s.... har ein hatt ei sterk opprusting av flåten for å kunnetaka betre varé på konsumfisken ein får med som bifangst under industritrålfisket. Sett i lys av den økonomiske utviklinga til denne flåten har ein søkt vegar å gå for å betre fangstvereien til det denne flåten fører i land.

I medhald av §7 i føreskriftene til Olje/fisk-fondet fastsett ved kgl. res. av 27.06. 1980, bestemte Fiskeridepartementet 26.03.81. med endring av 13.04. 81. at:

Fiskeridirektøren inntil vidare kunne gi investeringsstøtte til industritrålarflåten for anskaffing av utstyr med sikte på omlegging til konsumfiske eller konsumfiske i kombinasjon med industrifiske. (§ 1).

Støtte kunne gjevast til følgjande:

1: Dekksarrangement

Binger, skyllekar, sløyemanskin, vaskemaskin, transportband osb, samt monteringsutgifter av det nemnde utstyret.

Fondet kunne dekke inntil 75% av kostnadane eksklusive meirverdiavgift med inntil kr. 200 000,- pr farty.

2: Isolering av rom

Fondet kunne dekke 50% sv kostnadane opp til kr. 100000,-pr farty.

3: Vinsjer og tromler

Fondet kunne dekke inntil 50% av kostnadane opp til kr. 100000,- pr farty

Den 6 juli 1982 endra Fiskeridepartementet føreskriftene slik at støtte ordninga også skulle omfatte støtte til installasjon av luftkjøle-anlegg. Dette tillegget kom såleis til å lyde:

4: Luftkjøleanlegg

Fondet kan dekke 50% av anskaffelseskostnadane og monteringsutgiftene eksklusive merverdiavgift for luftkjøleanlegg med inntil kr. 75000,- pr farty.

Trålarane i Herøy har nytta seg godt av ordninga. Det er å håpe at desse investeringane skal kunne være med på å få opp lønsemada i denne viktige flåtegruppa i frå Herøy.

Tabell 3:1. viser antal innkomne søknader, samla omsøkt og innvilga beløp for åra 1981, 1982 og totalt for investeringstilskot i frå Olje/fisk-fondet frå industritrålarane i frå Herøy.

Det kan i denne samanhengen nemnast at det kom inn nokre få søknader heilt på byrjinga av 1983 som enno ikkje er ferdig handsama. Dette gjeld i hovedsak tilleggsinvesteringar frå farty som har investert i ulike anlegg før pkt. 4 (sjå side) trådte i kraft. Dette gjeld bla. søknader i frå dei to kombinerte ringnot/industritrålarane ein har i kommunen.

Ein av trålarane (rein ind. trål) fekk avslag om tilskot til luftkjøle-anlegg (pkt4) då anlegget var montert før ordninga trådte i kraft.

Tabell 3:1.. Antal søknader, samla omsøkt, innvilga beløp for åra 1981, 1982 og totalt for investeringstilskot frå Olje/fisk-fondet til industritrålarane i Herøy.

	1981	1982	Totalt
Antal søknader :	2	7	9
Omsøkt beløp :	790000kr	1631975kr	2421975kr
Innvilga beløp :	682000kr	1470975kr	2152975kr

Kap. 4.00 FISKARMANNTALET:

Som kjendt vart dei nye føreskriftene for føring av manntalet for fiskarar, fangstmenn mv. fastsett ved Kongeleg resolusjon den 16 januar 1981 i medhald av § 4, første ledd i lov om rettleiingstenesta i fiskerinæringa av 11 juni 1971 nr. 56. Dette medførte at fiskarmannatalet har gått over frå å være lagt under Sosialdepartementet, -i medhald av § 11-2 i lov om Folketrygd, til å værte lagt under Fiskeridepartementet.

Tidspunktet for den administrative overgangen var nokså usikker, men det vart endeleg fastsett at overtakinga skulle skje frå 1. juni 1982. Dette førte med seg blant anna at fiskerinemdene i dei enkelte kommunane frå då av også skulle virke som manntalsnemnder.

Den daglege føringa av fiskarmannatalet er det no fiskerirettleiaren som har ansvaret for. Trygdesjefen i kommunen skal tiltre fiskerinemda under handsaming av manntalssaker. Nemda har også no høve til å innhente turvande opplysningar bla. om inntektstilhøva hjå søkerane på likningskontoret.

Fiskeridepartementet er no høgaste klageinnstans for ankesaker.

Dei nye føreskriftene for fiskarmannatalet er meint å sikre ei registrering av alle som bur i riket og har fiske og fangst som næring.

Manntalet blir også nytta mhp. tilståing av spesielle rettar og/eller støtteordnigar som vert gjorde gjeldande overfor fiskarar og fangstmenn.

Dei nye reglane har for å seie det mildt skapt ein heil del uro.

Det er vel kjendt at mange stod i manntalet som ikkje burde stå der.

Reglane er i hovudsak no blitt klarare slik at dei fleste av desse fell bort. Utviklinga i antal tilskotsordningar som har vorte kopla til manntalet har nok gjort sitt til at det har vorte stendig meir attraktivt å stå der.

Det er vel liten tvil om at dei nye reglane har ramma enkeltpersonar og grupper urettvist i enkelte høve. Det er spesiellt to grupper som peikar seg ut. Den eine består av fiskarar som har hatt fiske som hovudyrke storparten av livet, og som grunna sterke slitasje og/eller yrkesskadar har fått uførepensjon.

Den andre gruppa er dei som har drive den tradisjonelle kombinasjonen småbruk/fiske som i enkelte høve ikkje har kome med. Det var venta at det måtte kome endringar i regelverket underveis for å rette opp slike "feilslag". Denne prosessen er no i gang.

Men det må strekast under at regelverket må også i framtida bli gjort så klart og eintydig at det ikkje gir rom for ulike fortolkningar i dei respektive fiskerinemdene, og at det på same tid stengjer ute dei som ingenting har i fiskarmannatalet å gjere.

Med det store antalet aktive fiskarar som Herøy har, er det nokså innlysande at arbeidet med revisjonen av fiskarmanntalet etter dei nye reglane har teke svært mykje tid både for fiskerinemnda og fiskerirettleiaren. Det kan slåast fast at mesteparten av hausten 1982 og byrjinga av 1983 tok dette arbeidet mesteparten av kapasiteten her på kontoret.

Eg vil no vidare gå ein del inn på utviklinga i manntalet i dei siste tre åra i Herøy, der eg mellom anna ser på faktorar som aldersfordeling, rekruttering og overgangar til andre yrke.

4.1 Utviklinaga av manntalet i Herøy i dei siste tre åra.

Tabell 4.1. Viss utviklinga i antal fiskarar på manntalet for åra frå og med 1979 til og med 1982 (pr 31.12).

Tabell 4.1 Utviklinga av antal fiskarar på Blad A og Blad B før åra 1979 til og med 1982 pr. 31.12.

pr.31.12 i:	1979	1980	1981	1982	Endringar
Blad A :	78	82	104	34	-44
Blad B :	592	597	613	543	-49
Totalt :	670	679	717	577	-93

Det går fram av tabellen at det var ein monaleg auke i antal fiskarar i heile perioda fram til endringa av regelverket i 1982.

Ein av grunnane til dette er nok at stadig fleire tilskotsordningar -og sosiale ordningar har blitt knytta til manntalet.

I denne samanhengen kan det nemnast at både assuranserefusjonar, og oljestønad vart knytta til manntalet i 1980.

Dei nye og meir restriktive reglane viser igjen i tala for 1982.

I tillegg til dette har den auka aktiviteten i oljenæringer på lokalt nivå vore med på å forårsake tilbakegangen på Blad B.

Tabell 4.2.. på neste side viser utviklinga av manntalet i 1982 før ankehandsaminga. Som ein ser av desse tala utgjer nettopp dei som har gått over i oljeverksemda den største gruppa.

Tabell 4.2. Foreløpig statistikk etter utlegging av fiskarmannatalet for 1983 i Herøy. Statistikk pr. 01.10.82 før ankehandsaming.

Utgang av manntalet Type verksemd	Liste A	Liste B	Totalt
Oljeverksemd	2	51	53
Kystvakt		7	7
Anna verksemd: Mek. industri Fyrvesen Priv. næringsdr. m.m.	32	49	81
Pensjoner	24	14	38
Jordbruk		2	2
Dødsfall	7	3	10
	65	126	191
Antal 31.09.82	106	658	764
Antal 01.10.82	33	526	559
Vurdering i Fiskeridep. 01.10.82 (Ikkje teke med i statistikk)		4	
Antal endring	÷ 73	÷ 132	÷ 205
Prosentvis endring	÷ 68,8%	÷ 20%	÷ 26,8%

Aldersfordeling/rekruttering.

Det vart i årsmeldinga for 1979 peika på at særleg dei yngste fiskarane ikkje alltid har vore påpasselege med å melde seg inn i manntalet.

Dette kan nok ha éi rekkje årsaker. For det fyrste er det nok ein god del av desse som berre har prøvd seg i yrket i kortare periodar, og seinare halde fram med anten skulegang eller i andre yrke..

Den viktigaste grunnen har nok likevel vore manglande informasjon om kva kva rettar det inneber i stå i manntalet.

Dette tilhøvet ser no ut til å ha endra seg ein del i dei aller siste åra. Tabell 4.3. viser innmeldinga på tillegslista i 1981 og 1982 spesifisert på aldersgrupper.

Tabell.4.3. Innmeldingar på tilleggslista, Blad B spesifisert på aldersgrupper i åra 1981, og 1982.

ÅR	under 20 år	21-30 år	31-40år	41-50år	over 50 år	Totalt
1981	15	3	2	1	0	21
1982	24	10	2	6	2	44

Desse tala viser også at det slett ikkje er så gale med rekrutteringa til fiskar-yrket i Herøy. Det er også eit bilete på at Fiskarmanntalet ikkje er nokon god statistikk om ikkje fiskarane sjølv melder seg inn.

Tabell.4.4.. viser utviklinga i antal fiskarar i Herøy totalt på Blad B fordelt på aldersgrupper for åra 1980,1981,og 1982,pr. 31.12.

År	Alders- gruppe:		Under 20 år		21-30 år		31-40år		41-50 år		over 50 år		Totalt
	Ant.	%	Ant.	%	Ant.	%	Ant.	%	Ant.	%	Ant.	%	
1980:	51	8,5	192	32,1	112	18,8	105	17,6	137	22,9	597	100	
1981:	46	7,5	192	31,3	128	20,8	109	17,7	138	22,5	613	100	
1982:	49	9,0	166	30,5	107	19,7	101	18,6	120	22,0	543	100	

Ut i frå ei samla vurdering av desse tala ser det ut til at sjølv om ein har hatt ein relativt stor overgang frå fiskaryrket til oljenæringa,som fylgje av både generell vekst,og i det siste ein sterkt lokal ekspansjon,har nye grupper kome til å erstatta desse utgangane.

Ei anna sak er det at den viktige aldersgruppa 21-30 år har blitt sterkt tappa for folk i dei siste to åra.

Denne gruppa inneholder kanskje dei fiskarane som har noko av den beste kombinasjonen av personleg initiativ og røynsle.

Dette kan i sin tur gi seg utslag i dårligare kvalitet på skipsmannskapa totalt sett, som i sin tur vil bli merka på effektiviteten til fiskefartya.

Trass i endringane i antal fiskarar aldersfordeling m.m er det vanskeleg å observere noka utvikling i retning av direkte folkemangel ombord i fiskefartya. Utviklinga har vel heller vore motsatt.

Dei nye jobbane i td, oljenæringa har ikkje i fullt mon kunna kompensere for attendegangen i antal arbeidsplassar ombord i fiskeflåten.

Kapittel 5: FISKEFLÄTEN I HERØY SI UTVIKLING I PERIODA


Herøy har ein stor og variert fiskeflåte av dei fleste typer farty.

Kommuna er kanskje ei av dei desidert største i landet mhp. antal registrerte fiskefarty. Dei fleste farty-gruppene ein har her i landet er representerte. Ringnotflåten og industritrålarflåten er dei mest dominerande i antal farty blant dei havgåande. Kystfiskeflåten er likevel den desidert største i antal med 230 registrerte i 1980, og 300 registrerte i 1982.

I mellom desse ytterpunktene har ein representert reke-frysetrålarar, bankline og garnfarty mm.

I 1980 var det registrert totalt 279 fiskefarty i Herøy. I 1982 var talet kome opp i 342.

Dei ulike flåtegruppene vil bli omtalt kvar for seg i det følgjande kapitlet.



Gamalt og nytt. Ytterst "Sjøfuglen 2", ein av dei få igjenværande 70-fottingane. Innerst og "noko meir dominerande på vatnet" den nye "Kings Bay" med last (sommarlodd), ein av dei siste ringnot/trål-fartya som vart registrert i kommunen.

5.1 Ringnot-flåten si utvikling

Ringnot-flåten i Herøy er framleis den nest største i landet. Berre Austevoll i Hordaland har fleire registrerte ringnot-farty.

Også i dei tre siste åra har denne flåten hatt strenge økonomiske kår.

Dette har hovedsakleg to årsaker. Dei tildelte kvotene er framleis lave mot nivået på midten av 70-talet.

Særleg har utviklinga vore negativ når det gjeld sommar og haustfisket i Nordsjøen. Sjølv om dei tildelte kvotene har blitt reduserte også i Barentshavet er dette fisket blitt alfa og for flåten.

For mange av båtane i frå Herøy har trålfisket etter kolmule vorte eit viktig supplemang.

Dette fisket er imidlertid så kapitalkrevjande at utbytet ofte har vore nokså minimalt.

I tillegg til dette har også kostnadssida utvikla seg negativt sett i høve til fiskeprisane og tildelte kvoter.

Trass i dette har likevel denne flåten i Herøy utvikla seg til kanskje den mest moderne i landet.

Ved sidan av dei nye fartya som kom til i 1977-1979 har andre reiarar også skifta ut båtane sine med nyare og meir moderne farty.

Det kan mellom anna nemnast at i 1981 kom det endå ein båt frå "77/79 generasjonen" til Herøy. Dette fartyet vart opprinneleg bygd for ein Finnmarks-reiar. Heilt på tampen av 1982 vart det også klart at eit anna reiarlag i kommunen fekk erstatta gamle-båten med ein ny. Dette var også eit farty bygd på slutten av 70-åra. (ikkje i statistikk)

Det har også vore "avskalingar" utanom regulære sal av båtar i frå flåten. I 1982 vart ein av dei mest moderne ringnot-båtane teke ut av fisket og ombygd til bruk i oljeverksemda.

Tabell 5.1... på neste side viser utviklinga av ringnot-i Herøy når det gjeld antal farty og inndelinga i storleiks-klassar (konsesjons-kapasitet). For kuriositeten si skuld har eg teke med utviklinga også i frå åra 1977, 1978 og 1979.

Tabell.. 5.1. Ringnotflåten i Herøy, utvikling i storleiksklassar i åra 1977 til og med 1982

År -		1977	1978	1979	1980	1981	1982	Endring
Klasse								
Mindre enn 4000 hl:	:	8	6	4	0	0	0	-8
4000-5999 hl	:	8	9	7	5	4	4	-4
6000-7999 hl	:	6	5	6	8	8	5	-1
8000-9999 hl	:	2	3	3	5	5	1	-1
Over 10000hl	:	0	0	0	0	0	3	+3
Totalt antal	:	24	23	20	18	17	14	-10

Kjelde: Remøy -82: Strukturendringar i fiskerikommunar.

Som ein ser av tabell 5.1... har flåtestrukturen endra totalt karakter i denne seks-års perioda. Samstundes med at ein har hatt ein nedgang i antal farty, har båtstorleiken generelt gått opp. Det totale konsesjonsvolumet til ringnot-fartya i kommunen har trass i nedbyggingane heldt omlag det same nivået. Dette har resultert i at den gjennomsnittlege båtstorleiken har endra seg frå i 1977 å ligge omlag på landet sitt nivå til nivået dei store fartya Austevoll i Hordaland har.

Tabell 5.2.v Utviklinga i det gjennomsnittlege konsesjons -kapasiteten, og den totale for kommunen i dei

Tabell 5.2,viser den utviklinga til den totale lastekapasiteten i Herøy (kons.kap), og den gjennomsnittlege lastekapasiteten for Herøy og landet sitt gjennomsnitt (konsesjons kap.).

	1980	1981	1982
Tot. kons. kap.HØ :	120150 hl.	120900 hl.	101650 hl.
Gsn. kons. kap.HØ :	6675 "	7112 "	7260 "
Gsn. kons. kap.Norge:	5900 "	6025 "	6352 "

HØ=Herøy Kjelde: Remøy-82"Strukturendringar i fiskerikommunar", og Fiskeridirektoratet.

Auken i konsesjonskapasitet har i Herøy hovedsakleg skjedd gjennom oppkjøp av mindre ringnot-farty, og samanslåing av konsesjonar.

Tabell 5.3 viser antal farty som har fått endra konsesjonsvolumet i dei tre åra og samla opprinneleg konsesjonvolum og auke.

TAbell 5.3 Farty som har fått endra konsesjonsvolumet i Herøy.

ÅR:	1980	1981	1982
Antal farty	: 6	2	4
Oppr. kons. vol:	25700	11050	33900
Auke	: 8200	4850	4200

Det er klart at trål-fisket etter kolmule, er ein av dei viktigaste årsakene til ny-investeringane i den lokale ringnot-flåten.

I Herøy var det i 1980 11 farty som var utstyrte for dette fisket. 9 av desse fartya deltok.

For åra 1981 og 1982 var dei tilsvarende tala 12 og 8, og 9 og 6. Grunnane til at ikkje alle har delteke er ulike.

Eit av fartya har heile perioda vore chartra for teneste i Kystvakta og såleis ute av aktivt fiske.

Dei andre fartya har ikkje funne det rekningssvarande å delta i dette svært kostsnadskrevjande fisket.

I tillegg til kolmule-båtane er to av dei mindre ringnot båtane deltagarar i industritrål-fisket etter tobis og augepål i Nordsjøen på våren og for-sommaren då det ellers er mellomsesong i ringnot-fiskeria.

For dei fartya som berre driv med ringnot har det vore søkt etter vegar for å auke løns-evna.

Såleis vart to av fartya på hausten 1982 utstyrte for nedfrysing av lodde (og annan konsumfisk), i tillegg til at anlegg for produksjon av lodde-rogn vart montert ombord.

Ein vonar at dette skal kunne auke fangstverdien av dei ellers knapt tilmalte kvotene monaleg.

Av nyinvesteringar ellers kan det ellers nemnast at fleire båtar er i ferd med å få montert ombord automatisk notleggings utstyr. Dette vil føre med seg ein mannskaps-reduksjon på 1-3 mann for det enkelte fartyet.

Som konklusjon kan ein vèl fastslå at det trass i dei stramme økonomiske tidene framleis er vitalitet i ringnot-miljøet i Herøy. "Prisen" for denne omstruktureringa er sjølv sagt at det har medført eit merkbart tap av arbeidsplassar.

Reduksjonane i antal mann ligg for perioda 1977 og ut 1982 ein stad mellom 130 til 150 stk. (1980-1982: 80-100)

Mykje av dette folket har nok gått over i oljeverksemda både som eit resultat av ein generell aktivitets-auke der, men også avdi aktiviteten lokalt blant mange av Herøy-reiarane har auka sterkt i denne bransja i dei to siste åra.

6.2 Industritrålarflåten

Herøy har også ein stor flåte som driv industritrålfiske etter tobis og augepål i Nordsjøen og etter lodde i Barentshavet om vinteren.

Dei fleste av desse fartya er eldre ringnotsnurparar som er ombygde til dette fisket.

Innan denne flåtegruppa har det også i dei siste tre åra foregått ei kontinuerleg opprusting av fartya.

Ein god del av båtane har fått betra standarden både når det gjeld ting som nye overbygg og lugarar, og betre utstyr til å fiske og taka vare på fisken ombord.

Særleg har ein fått betra standarden ombord for å kunne taka vare på den konsumfisken som ofte er med som bifangst i trålfangstane.

Dette har delvis vore økonomisk mogleg gjennom dei midlane som har blitt gitt gjennom Olje/fisk-fondet til dette føremålet. (Sjå side 11 om løyvingar frå Olje/fisk-fondet.)

Fisket i Nordsjøen har vore variablelt i dei siste tre åra.

I 1980 var fisket bra, medan resultatet i 1981 var svært dårleg.

I 1982 var fisket igjen brukbart.

I Barentshavet har industritrålarane til likes med ringnotsnurparane vore underlagt detalj-reguleringar med fartykvoter osb.

Einskilde del av flåten har i dette fisket gjort seg ekstrakroner ved å levere delar av fangsten til konsum.

I tillegg til dette har eit par av trålarane prøvd seg med par-trål etter sei i Nordsjøen.

Kostnadsutviklinga har sjølv sagt også slege hardt ut for denne delen av flåten.

Likevel kan ein vel slå fast at den økonomiske stoda varierar noko frå båt til båt. Dei fartya som har hatt det beste bruket, maskineriet og tekniske utstyret har gjennomgåande klart seg bra.

Verknadane - av den ureinga oljeverksemda i Nordsjøen skapar er framleis sterke. Kanskje meir enn noko anna gruppe har industritrålarane fått oppleve konflikten "olje/fisk".

Imidlertid har ein gjennom Oljefisk-fondet fått dekka noko av den baten denne verksmeda medfører.

Men det er og klart at dette aldri kan dekkast fullt ut når ein har i bakhovudet faktorar som ,tapt fisketid i eit sesong-fiske og tap av fiskeområde avdi der er kome "hefte" på felta. Sjå side 46 om trålskadar.

I 1980 var det 10 aktive industritrålarar registrert i Herøy. For åra 1981 og 1982 var antalet henholdsvis 9 og 8. Det fartyet som gjekk ut av fisket i 1981 ligg i opplag avdi den har fått "kolfyr" i skroget. Reiarane här for tida inne søknad om kondemnering av fartyet.

I tillegg til desse fartya driv også to av dei "mindre" ringnot-båtane trålfiske etter tobis og øugepål i mellomsesongane før notfisket (hovedsakleg på vår- og forsommaren)

5.8.3 Rekefrysetrålarane

Desse båtane har vorte ei viktig flåtegruppe i Herøy. Dei sysselset etter måten mange personar, og dei har også i dei siste åra gitt gode inntekter for dei som har stått ombord.

Felta ved Grønland og særleg ved Vest-Grønland var lenge dei viktigaste for denne flåten. Etter kvart har dei tildelte kvotene i dette området vorte sterkt reduserte.

Nye felt ved Aust-Grønland har i nokon grad kompensert desse avgrensingane. Likevel har ein også her hatt kvotereduksjonar.

TC

Tyngda av fiskeaktivitetane har difor i aukande grad flytta seg over til dei ulike områda i Barentshavet.

Særleg har "nye" felt vest av Svalbard vore med på å drage årsresultata i havn.

Båtane i frå Herøy har vore mellom dei fremste når det gjeld oppdaginga av desse feltta.

Desse feltta liqq likevel svært langt mot nord, og fisket er heile tida ein kamp mot vanskelege is-tilhøve,

I Herøy var det i 1980 og 1981 registrert to rekefrysetrålalarar. Desse hadde ein lastekapasitet på henholdsvis 220 og 270 tonn (ca.).

I 1982 vart den tredje rekefrysetrålaren registrert i Herøy. Den har ein lastekapasitet på omlag 170 tonn.

Ein av trålalarane har i tillegg til reketrål-konsesjon, konsesjon for trålfiske etter sei og lodde. Ein har konsesjon for tråling etter lodde.

5.4 Bank-lineflåten

I Herøy var det registrert 5 farty i heile perioda.

Den økonomiske utviklinga til denne flåten har, om ein samanliknar den med andre flåtegrupper, vore gjennomgåande brukbar.

Med unnatak av dei tildelte kvotene ved Island, og sei i Nordsjøen har kvoteavgrensingane i liten grad hemma drifta til denne flåtegruppa.

Det har i dei siste åra vore ein tendens til at at ein i auka grad har byrja å bruke garn i høve til line-drift.

Eit av fartya i frå kommunen har montert Auto-line system ombord.

5.5 Ulike kombinasjonsfarty i gruppa 40-100'

Fiskemønsteret til desse fartya har alltid vore svært individuellt, og har i tillegg ofte endra seg frå år til år.

Av fiskeri desse fartya driv kan nemnast: brugde og småkvalfangst, garnfiske etter torsk og sei-unntaksvis makrell.

Notfiske etter fjordsild og brisling har også vore drive.

Ein del av desse båtane driv også tidvis regulert bankline fiske.

Fleirtalet av desse båtane har svært høg alder.

Gjennomsnittsalderen til denne flåtegruppa var i 1981 på 36 år.

Deit er ein av grunnane til at desse båtane har relativt lave driftsutgifter (lån osb.), og ikkje i den grad som nyare båtar treng å drive så intensivt for å oppnå lønsam drift.

Det har vorte eit vanleg observert fenomen at fleirtalet av desse båtane har vore i drift levetida til eigarane,

Når dei eldre har falle i frå, ser ikkje dei yngre seg syn med å halde fram å koste på dei gamle fartya.

No har det likevel "sige til ein del nyare farty i denne flåtegruppa. Det er likevel klart at mange av fartya er modne for utskifting om nokre år.

Det er difor svært positivt å registrere at det kom eit ny-bygg i denne klassen til Herøy. Båten som er på 77', er forma som ein "oppblåst sjark" med overbygget framme og med overbygt dekk.

Den har sidan den kom i drift fiska svært godt (garnfiske), og lovar for at det også kan vere ei framtid for båtar i denne flåtegruppa. I tillegg kom det også eit meir tradisjonellt forma farty til kommunen i 1982 (garnfiske).

Tabell. 5.4... viser utviklinga i antal farty, slettingar, og ny-registreringar for flåtegruppa 40-100' utanom bankline. pr. 31.12 for åra 1980, 1981 og 1982.

År .	1980	1981	1982
Sletta or registeret:	1	1	2
Nyregistrerte farty :	0	0	2
Totalt antal farty :	14	13	12

Brugdefangst har tradisjon i Herøy, og har hatt relativt stor deltaking.

Imidlertid har deltakinga i denne drifta av ulike grunnar gått noko attende i dei siste åra.

I 1980 var det 7 farty som deltok. For åra 1981 og 1982 var deltakinga henholdsvis på 4 og 3 farty.

To av båtane i gruppa har drive fangst av småkval i Nordsjøen, Norskehavet og Barentshavet i heile perioda.

Det eine fartyet som framleis dreiv linefiske etter håbrand i Nordsjøen, vart selt ut av kommunen i 1982.

Det er fyrst og fremst garnfisket etter torsk og sei, utan for kysten på Møre og i Nordsjøen som har vorte det viktigaste fiskeriet for denne flåtegruppa i dei siste åra.

5.6.....Kystfiske/sjark-flåten

Medan dei andre flåtegruppene tildels har vist attendegang og stagnasjon i antal i dei siste åra, har det vore tydeleg utan bruk av statistikk -at denne flåtegruppa har eksplandert kraftig i kommunen i dei siste åra

Det er også tydeleg at innslaget av nye dekka båtar i tre, stål og plast har vorte større i høve til den meir tradisjonelle opne tre-snekka.

Tabell 5.5 viser utviklinga i antal kystfiskefarty inndelt i storleikskassar ,nyregistreringar ,slettingar.

Tabell 5.5... Kystfiskeflåten i Herøy for åra 1980, 1981 og 1982

År	1980			1981			1982		
	Ny reg.	Sletta	Total	Ny reg	Sletta	Total	Ny reg	Sletta	Total
Klasse									
under									
20'	4	0	61	4	3	62	4	1	68
20-24'	6	2	65	8	3	72	6	2	79
25-29'	12	3	69	20	2	90	13	2	103
30-39'	8	2	35	2	2	37	11	2	48
over 40'	0	1	4	0	2	3	1	4	2
Totalt	30	8	230	34	12	264	35	11	300

Ein viktig årsak til auken i kystfiskeflåten i Herøy er det gode vår-torskefisket ein tidvis har hatt i distriktet. Interessa for linefiske på dei nære bankane har også hatt auka deltaking i dei siste åra.

Kystfisket: Ei heilårsnæring, eller supplering til andre fiskeri?

Eit mål på dette kan være antal driftsveker dei enkelte fartya har. Tabell 5.6 viser resultatet resultatet av driftsundersøkjinga for denne flåtegruppa i Herøy i 1980.

Tab. 5.6..... Driftstid i veker, fordeling, spesifisert
på storleiksklassar for kystfiskeflåten i Herøy.

Driftstid i veker	over 30	15-30	undér 15	ingen reg.	tot.
Antal båtar totalt	23	34	74	5	136
Klasse II (25-29')	5	22	60	3	90
Klasse III (30-39')	18	12	14	2	46

Kjelde: Remøy 1982 "Strukturendringar i fiskerikommunar"

Desse tala viser for det første at berre ein liten del av denne flåten er heilårsdrevne. Ein legg merke til at over halvparten av flåten i Herøy har under 15 vekers driftstid.

Det er også ein markert ulikskap når det gjeld driftstid for dei to storleiks-klassane i det dei største båtane har ein klart høgare andel av heilårs-drivne farty.

Ein kan utifrå desse tala hevde at auken i antal kystfiske-farty ikkje har ført til eit tilsvarande øke i antal nye arbeidsplassar på sjøen.

Den store auken i denne flåtegruppa har nok ei heil rekke årsaker.

For det første, har den relativt tidlegare gode økonomien til mange av "havfiskarane" sett dei i stand til å skaffe seg ein sjark.

For det andre, har avgrensinga i fiskekotene til havfiskeflåten, større farty til å ta dei opp med ei påfylgjande avkorting av fangstsesongane, gitt mange av havfiskarane eit større høve til å delta i kystfisket.

For det tredje, har minkinga i antal havfiskefarty gjort at ein del havfiskarar har sett på kystfisket som eit mogleg alternativ for å kunne halde fram i næringsa.

Ein kan også konstatere ei vridning mot større farty også i denne gruppa av båtar.

Her ligg vel mykje av årsaka i at ein har hatt ei utvikling mot auka forbruk av vegn også i denne flåtegruppa.

Auka fiskeintensitet har også krevd lenger avstand til felt, og påfylgjande storleikskrav til båten.

Vidare har vel krava til eit betra arbeidsmiljø sett spor etter seg her også.

I sum har nok alle desse faktorane vore med på å aksellerere både auken i antal farty, og kapitaliseringa av den.

Det er i alle høve gode grunnar til å hevde at mange av desse fartya sine bygge, og driftskostnader neppe har belegg i det lokale ressurs grunnlaget.

Konkurrande bruk av havet og ressursane der

Som ellers i landet har også antalet fritidsbåtar auka sterkt i dei seinare åra. Det er både gamal hevd og tradisjon at også folk som ellers ikkje er direkte knytt til næringa har nytta seg av nærleiken til havet for både å skaffe seg matauk og til å spe på inntekta.

I dag er oftaast tilstanden slik at mange av desse fartya (særleg i vårtorskefisket) driv fiske med like sterk intensitet som merkeregistrerte fiskefarty.

Detté har i sin tur ført både til auka konkurranse om konsentrerte fiskefelt og plass i køen ved losse-plass.

I desse ressursfatige tidene er det stadig fleire røyster blant fiskarane som hevdar at det samla regelverket må endrast slik at Fiskarmannatalet, Merkeregisteret, og Salsløvene ikkje berre gir rett til tilskotsmidlar, refusjonsmidlar, osb, men at dette også vert kobla direkte til ein rett til å drive fiske for sal.

Det er i tillegg til til den sterke auken i fritidsflåten også eit spørsmål om ikkje ein del av dei kystfiske-fartya som no er innførde i merkeregisteret eigentleg bør stå der.

Ein vil framover våren 1983 intensivere arbeidet med ein revisjon av merkeregisteret, og foreta ei vurdering av kvart farty i høve til dei reglar som gjeld.

Dette arbeidet har det grunna det store arbeidspresset med revisjonen av fiskarmannatalet ikkje vore råd til å legge noko vekt på til denne tid.

Kap. 6.0.. FISKETILVIRKNING I HERØY KOMMUNE

Herøy har ein stor og variert fiskeindustri.

Sildolje-industrien som før var dominerande, har gått attende som ei fylgje av ein kvantumsvikt i sildefiskeríia.

Av dei tre fabrikkane som var i drift til midten av 70-talet, er det berre ein att.

I tillegg la også andre fiskemottak ned drifta. Dette førte til at både Bank, garn og kystflåten måtte levere store delar av fangsten utanfor kommunen.

Men i løpet av 1976 snudde straumen at Fryseriet i Fosnavåg kom i drift att etter at det hadde blitt overteke av nye eigarar (Eit fiskebåtretiarleg i frå kommunen.)

I løpet av 70-åra har også andre anlegg kome i drift att, slik at ein i aukande grad har vore i stand til å taka i mot fisken. Utviklinga passerte ein merkepel då det kom i gang drift ved sildoljefabrikken v. Eqgesbønes. No er det bank og kystfisken som har teke over for sild, makrell og lodde.

Men delar av denne industrien har også hatt problem dei siste åra.

I 1982 gjekk den eine hermetikkfabrikken i kommunen konkurs.

I dette kapitlet gir vi ein oversikt over utviklinga til dei ulike delane av fiskeindustrien mhp faktorar som motteke kvantum type produkt og sysselsetting.

6.1 Sildolje/sildemjøl-industrien si utvikling i perioda.

Nedlegginga av dei to sildoljefabrikkane i Fosnavåg og v.

Eggesbønes skapte på kort sikt eit følbart tap av arbeidsplassar. "Sildefiskernes Fabrikklag" på Moltustranda er den eine av dei to einaste igjenverande sildoljefabrikkane på Sunnmøre.

Fabrikken har også i dei følgjande siste åra blitt opprusta både når det gjeld produksjon og renseanlegg.

Utviklinga i råstoffmotaket mhp. mengde og fiskeslag speglar naturleg nok godt utviklinga i ringnot og industritrål-fiskeria.

Makrellen er blitt mindre viktig etter den utviklinga ein har hatt i Nordsjøen. Etter den tilbakegangen ein også fekk i loddekvantumet, har dette stabilisert seg noko.

Industritrål-råstoffet har hatt meir årlege variasjonar

Det som først og fremst har blitt den store erstatninga for svikten i dei andre fiskeria er trålfisket etter kolmule.

Tabell 6.1 viser utviklinga i mottat kvantum spesifisert på fiskeslag for åra 1980, 1981 og 1982

År	1980	1981	1982
Fiskeslag i hl.			
Vinterlodde	166843	297296	190000
Sommarlodde	189586	170460	20800
Makrell	7686	5883	30000
Havbrisling	1118	427	0
Kolmule	206000	108606	212000
Tobis	24829	10708	9000
Augepål			
Fiskeavfall	1118	883	87
Totalt	512999	633671	461887

Fabrikken er ein viktig arbeidsplass for kommunen.

Men den har også ein viktig funksjon utover det reint økonomiske og sysselsettingmessige.

Dette at fabrikken ligg i kommunen gjer at båtane og dermed mannskapet får ein sjangse til å stikke heimom også i sesongane. Dette er ein faktor som utvilsomt er til fordel for fiskerimiljøet i kommunen.

6.2 Røykeri.

I perioda har det vore i drift to verksemder i denne bransja i Herøy. Den ein verksemda ligg på Nærøya i ytre Herøy, og den andre ligg på Hestholmen i indre Herøy.

Hovedråstoffet er sild og makrell til røyking.

I dei siste åra har ein igjen fått byrja å taka i mot mindre kvanta av storsild etter den vart tilleten igjen å få fiske mindre kvantum av. Værksemda på Nærøya tek i tillegg til det før nemnde også imot mindre kvanta fisk til henging.

Tislaman har denne bransja sysselsett 12-15 personar i Herøy i dei siste tre åra.

Tabell 6.2 viser årleg motteke kvantum av sild/makrell for begge verksemndene tilsaman i tillegg til det kavantumet den eine verksemda tek imot av anna fisk.

Tabell 6.2 Årleg motteke kvantum sild/makrell og anna fisk ved dei to røykeria i Herøy.

År	1980	1981	1982
Sild/makrell :	720t.	720t.	770t.
Anna fisk :	100t.	125t.	100t.

6.3. Hermetikk

I Herøy har det vore to verksemder i drift i perioda. Ei ligg på Moltustranda, den andre i Fosnavåg.

På landsbasis har hermetikk-industrien hatt store vanskar med å drive rekningssvarande i dei to siste åra.

Resultatet har vore at mange verksemder har blitt nedlagde. Dei to verksemndene i Herøy har klart seg relativt godt.

Ein av grunnane til dette er at ein i større grad enn ellers i bransja har satsa på heimemarknaden.

Ein har dermed i nokon grad kunna eliminert verknadane av valutasvingingar og økonomiske tilhøve på eksportmarknadane.

Verksemda på Moltustranda har ellers gjort seg bemerkar på produktutviklingssida ved å prøve nye vegar når det gjeld hermetikkprodukt.

Vanskane i denne industrien nådde likevel også Herøy.

På haustparten 1982 var det ikkje mogleg halde fram med drifta til verksemda i Fosnavåg lenger, og den gjekk konkurs.

Resultatet var at 12-15 arbeidsplassar (hovedsakleg kvinner) gjekk tapt.

Råstoffkjøpet til desse to bedriftene har samla lege på 2-3000 tonn årleg. Sjølv om ein del av råstoffet kjem i frå lokale kjelder, har nok store delar kome i frå andre distrikt.

Medan verksemda i Fosnavåg var i drift var det ein stad mellom 60 og 70 personar sysselsette i denne bransjen i Herøy.

På klippfisk-marknaden har utviklinga vore varieabel.

Det har vore visse positive trekk i nokre land i Europa.

Særleg har Frankrike peika seg ut som ein marknad i framgang.

Mange tradisjonelle marknader som td. Brazil har vore meir problematiske.

Ein av dei viktigaste grunnane til ekspansjonen innan denne inndustrien, er nok den auka mengda tilført råstoff i frå det ekspanderande kystfisket og ikkje minst det auka garnfisket i Nordsjøen. I tillegg sjølvsagt bankline-fisken enno svært viktig. Stagnasjonen i fiskeria i Nord-Noreg er nok også ein faktor som har slege positivt ut for desse verksemndene.

6.4 Fryseri/ferskfisk.

I denne delen av bransja er det to verksemder i Herøy.

Den eine verksemda er eit større fryseri. Her tek ein i mot reker og småkval-kjøt ved sidan av ferskfisken.

Den andre verksemda er eit mindre ferskfisk-pakkeri med eige fryseri. Også her tek ein i mot mindre kvanta med småkvalkjøt.

Tabell 6.3. viser samla motteke kvantum råstoff til dei to verksemndene.

År	1980	1981	1982
Ferskfisk :	1560tonn.	1295 tonn	975tonn.
Kvalkjøt/ spekk:	230 "	210 "	380 "
Reker :	832 "	831 "	935 "

Som ein ser av årsresultata har ein hatt ein viss tilbakegang i motteke kvantum med fisk. For den største bedrifta sin del kan dette skuldaast ei auka vektlegging på kvalkjøt/reker.

Den minste bedrifta har i større grad basert seg på det lokale kystfisket og hadde grunna eit dårligare resultat i dette fisket i 1982 ein viss tilbakegang i mengde moteke kvantum ferskfisk.

6.5 Klippfisk/tørrfisk/saltfisk.

Denne delen av bransja er svært viktig i Herøy.

I frå ein viss stagnasjon og attendegang i midten av 70-åra har ein hatt ein viss framgang både når det gjeld antal verksemder, sysselsette, og motteke kvantum fisk.

Særleg slo det positivt ut at Oddvin Bjørge kom i gang for fullt i 1980 ved den nedlagde sildoljefabrikken på Eggesbønes.

Denne verksemda åleine har i dei siste tre åra stått for nær halvparten av det mottekne kvantumet innan denne delen av mottaks-verksemda i Herøy.

Det har i denne perioda vore 7 verksemder som har teke i mot fisk til salting/hanging/klippfisk-produksjon.

Ei av desse verksemdene er røykeriet på Nærøya som har dette som tillegsverksemd til den vanlege drifta.

I tillegg vart det også i 1982 teke i mot fisk for henging på ei kai på Eggesbønes for eit Ålesundsfirma.

Tabell 6.4.. viser utviklinga i antal mottak, antal sysselsette (cirka), og motteke kvanta fisk (Inkludert saltfisk.)

År	1980	1981	1982
Antal mottal :	7	7	8
Sysselsette :	70	70	75
Motteke kvantum :	6076 tonn	6560 tonn	7495 tonn

Denne industrien er som i resten av Møre og Romsdal hovedsakleg basert på produksjon for eksport. Den er difor svært var for svingingar på verdsmarknaden.

Utviklinga på marknadane både prismessig og etterspørselsmessig var relativt positiv fram til året 1982.

Men i løpet av berre nokre få månader braut marknaden nemast saman. Dette gjaldt då særleg for tørrfisk.

Den viktigaste faktoren for samanbrotet var den negative økonomiske utviklinga i fleire av dei viktigaste eksportlanda.

Blant dei viktigaste i denne samanhengen er Nigeria.

Resultatet var at mange av fiskeoppkjøparane langs heile kysten sat inne med store lager av tørrfisk som det ikkje var mogleg å få seld.

6.6.

Sunnmore og Romsdal Fiskesalslag, avd. Fosnavåg: Omsett kquantum spesifisert på fiskeslag for perioda 1980-1982.

Salslaget dekkjer området frå og med Hareid til grensa til Sogn og Fjordane i sør, og har ei betydeleg omsetning av ulike fiskeslag.

Storparten av kvantumet er omsett til verksemndene i Herøy.

Resten går til mottaksanlegga i nabokommuna Sande. Hareid og Ulstein har heller ikkje i denne perioda vore aktuelle for omsetnad av fisk frå Salslaget i denne perioda.

Oppsettet under viser omsett medgde fisk, spesifisert på fiskeslag for reknskapsåra 1980/81 og 1981/82.

**Sunnmore og Romsdal Fiskesalslag
6090 FOSNAVÅG**

Ad. regnskapsåret 1981/82, med regnskapsåret 1980/81 i parantes.

I regnskapsåret er det ved Fosnavåg-kontoret omsatt:

9 837 000 kg div. fisk (9 800 970 kg)

forstehandsverdi Kr 57 665 247,92 eks. m.v.a. (51 269 247,94 eks. m.v.a.)

Kvantumet fordeler nèg slik:

Torsk rund	1 269 100 kg	(535 869 kg)
Torsk sl m/h	56 115 "	(42 048 ")
Torsk sl u/h	1 376 595 "	(1 854 078 ")
		(2 431 995 kg)
Torsk salta	673 440 "	(153 170 ")
Sei rund	906 900 "	
Sei sl m/h	327 525 "	2.226 590 kg (2 875 680 kg)
Sei sl u/h	992 165 "	
Sei salta	5 700 "	(52 420 ")
Skallosei	875 225 "	(1 004 950 ")
Lyr	22 505 "	(12 410 ")
Lange sl u/h	441 435 "	(364 390 ")
Lange salta	1 330 "	(18 540 ")
Bildlange sl u/h	54 165 "	(86 360 ")
Bremse sl u/h	1 259 460 "	(1 348 960 ")
Bremse salta	15 875 "	(21 520 ")
Nyse fersk/frossen	180 410 "	(189 975 ")
Uer	14 880 "	(12 530 ")
Flyndre	5 075 "	(2 205 ")
Kveite	800 "	(7 480 ")
Skate	9 360 "	(3 370 ")
Isel	7 980 "	(4 760 ")
Lever	46 105 "	(103 055 ")
Regn	77 265 "	(134 865 ")
Heder	53 500 "	(70 000 ")
Hummer	1 700 "	(3 780 ")
Røker	1 105 340 "	(790 470 ")
Akkar	30 000 "	(50 000 ")
Diverse	27 050 "	(28 630 ")

9 837 000 kg

Kap. 7.00 Service for fiskeflåten i Herøy.

Herøy har i stor grad dekka behvet for service til fiskeflåten.

7.1 Skipsbygging/reparasjon.

Det er to mellomstore skipsbyggeri i kommunen. Det eine ligg i Tjørvåg og det andre i Fosnavåg.

Ved siden av nybygg til fiskeflåten utfører desse verksemndene ein del maskinteknisk og mekanisk service til fiskeflåten. I tilllegg har ein ein mindre mekanisk verkstad som baserer drifta på repasjonsoppdrag for fiskeflåten.

For dei mindre båtane har ein ei mindre verksemnd i Bø som utfører eindel arbeid som ombygging ol.

Problemet for serviceverksemnda til fiskeflåten for desse bedriftene er at den går i bylgjer. (Mellomsesongane i fiskeria opphøping av oppdrag).

Det er difor store vanskar med å oppretthalde ei jann sysselsetting på området. Dei relativt stramme økonomiske kåra til delar av havfiskeflåten i dei siste åra har også den fylgjen at reiarane har begrensa reparasjonane til eit minimum.

Grunna dei opphopningane ein har av oppdrag vert mykje av service-oppdraga utførde i nabokommunane Sande og Ulstein som begge har ein stor verkstad-industri.

Den därlegaste dekninga for slik service har ein kanskje for kystfiskeflåten. Det er mogleg at det er noko å hente her. Men det må likevel vere sagt at det vil være svært vanskeleg å hevde seg i konkurransen med verksemder andre stader med god kompetanse på området.

Den store auken i kystfiskeflåten (og fritidsflåten) skulle tilseie at her var ein mogleg opning for auka aktivitet.

7.2 Elektrisk/elektronisk service

Dekningsgraden av elektrisk service har vore god i Herøy. Dette arbeidet vert i stor grad utført av nokre mindre firma som ikkje er fast tilknytta dei større verkstadane.

Ein del elektronisk service vert utført av to firma i frå Fosnavåg. I stor mon har det nok likevel vore slik at dei fleste større båtane har fått utført servicen på spesial-apparat leite-og navigasjonsutstyr av merke-reparatørar i dei større byane.

Fiskereiskap

I Herøy har ein to store og veletablerte notbøteri. Den eine verksemda ligg i Fosnavåg og den andre på Eggensbønes. Desse verksemndene er svært avhengige av svingingane i fiskeria. Tidleg i 70-åra hadde ein i denne bransja nok "å henge fingrane i" med å montere nye ringnøter, og reparere skada og slitne ringnøter. I tillegg hadde ein også vøling og montering av trålutstyret til industritrålarane (i Fosnavåg).

Dei knappe fiskekvotene (samanlikna med midten av 70 åra) og dei auka kostnadane før flåten har gjort at reiarane har mått begrensa notreparasjonane til eit minimum.

I tillegg er sjølvsagt slitasjen også mindre grunna mindre bruk.

Det nye trålfisket etter kolmule har iallefall gitt verksemda i Fosnavåg ei viss erstatning for den tapte aktiviteten på ringnotsida. Særleg sidan dei i 1978 skaffa seg ei såkalla "tallorittmaskin" (kan slå løkker på stålwire), kan no både reketrålarane, industritrålarane, og kolmuletrålarane få utført ei teneste som ein før måtte ut av kommunen for å få utført.

Ved verksemda på Eggensbønes har ein starta visse andre tiltak for å oppretthalde aktiviteten. Her kan nemnast: Produksjon av visse plastprodukt, slippsetjing av mindre kystfiskefarty og fritidsbåtar ol.

Tilsammen er det tilsett omlag 20-35 personar ved desse to verksemndene.

I Herøy er det også to verksemder som driv med produksjon av fiskegarn og tauverk.

Desse verksemndene er relativt nye og har topp moderne produksjons-utstyr. Begge verksemndene har ekspandert også i dei siste tre åra. Det er verdt å merke seg at storparten av arbeidstakarane e

er kvinner ,som ellers har få tilbod på arbeidsmarknaden. Ved utgangen av 1981 var det samla talet på arbeidsplassar kome opp i omlag 25 på dei to verksemndene samla.

Ekspsjonen i desse verksemndene har i hovudsak to grunnar: For det fyrste har det aukande talet på kystfiske farty krevd meir reiskap. Den positive utviklinga for garnfisket i Nordsjøen har krevd meir reiskap.

For det andre har det nok også vorte ein auke i forbruket av reiskap pr. farty grunna hardare drift.

Avdi Fosnavåg etterkvart også har vorte ei slags hovudhavn for den tilreisande torskeflåten, er det naturleg at noko av den tapte reiskapen vert komplettert på staden.

Hammeanlegg/bunkrings-stasjonar.

Hamnetilhøva har betra seg i nokon mon i perioda.

Mange av deistørste ringnotfartya og andre større havfiskefarty fekk problem på sluttenav 70-åra avdi tilflotet var for lite. Etter at hamna på Remøy og Kvalsund vart utbygd betra situasjonen seg i nokon mon. Begge desse stadane var behovet stort både på grunn av ein veksande småbåtflate, og avdi ringnotbåtane ikkje hadde høvelege kaianlegg.

Hamna på Remøy har blitt vidare utbygd i 80-åra med ei større privat kaiutbygging på området.

I Fosnavåg som ein må rekne som hovud-havna i kommunen, har utviklinga stått meir stille. Det har vore ein del privat kai-utbygging, men behovet for eit større kai-anlegg er stort. Det er imidlertid frå kommunen si side eit omfattande planleggingsarbeid i gang for heile hamna. Det er å vone at ein difor kan få fortgang i arbeidet med å bygge ut hamna slik den stettar behovet. Det er klart at ei slik utbygging også vil være til fordel for resten av næringslivet knytta til fiskerinæringa i kommunen.

På sikt er det og klart at det må vurderast ei djupning også av hamna i Fosnavåg. Mange av dei store havfiskefartya som har kome til kommunen i dei siste åra, har allereie i dag problem med tilflotet til dei verksemndene som kan yte service for dei i Fosnavåg. Dette kan på sikt bli ein viktig begrensande faktor for utviklinga av dei ringverknadane fiskeflåten kan gi i framtida for kommunen.

Av havneutbyggingsprosjekt ellers er det ei større utbygging av hamn på Leinevika som er prioritert øvst på den kommunale prioriteringsslista.'

Bunkersstasjonar er det fleire av , både større og mindre

To større stasjonar ligg i Fosnavåg. Desse har kaier med djupvasstilfot, og kan dermed betjene havfiskeflåten.

I frå 1979 har ein også hatt i drift ein mindre bunkersbåt med base i Herøy. Dette har gjort at ein har høve til ma. å få bunkre opp båtane når dei er opptekne med lossing på td. sildoljefabrikken på Moltustrand.

Anna service knytta til fiskerinæringa

Også for fiskeflåten har "papira-beidet" auka i perioda. Dei fleste reiarlaga i Herøy, får utført dette hjå lokale firma. Kor mange arbeidsplassar dette utgjer er vanskeleg å fastslå avdi mange firma har det som ein del av verksemda, - og at reiarane gjer ein del av det administrative arbeidet sjølve.

Når det gjeld proviantering, har ein relativt god dekning i kommunen. Likevel kunne det nok være eit visst behov for ein velassortert skipshandel .

Ei oppsummering: service for fiskeflåten.

Det er sjølv sagt i næringa, kommuna, og næringslivet ellers si interesse at ringverknadane av fiskeria skal gi størst mogleg lokal utteljing. Trass i attendegangen i antal farty innan enkelte grupper, er det likevel grunnar til å hevde at tilbakegangen ikkje har ført til ein tilsvarende attendegang på service-sida.

Det ser ut til å ha vore ein viss tendens til at dei igjenverande fartya har fått utført ein auka del av tenestene lokalt mot før i dei større byane (oftast Ålesund).

Arsakene til dette er nok mange. Ein av årsakene er nok at visse nøkkelenester er ein no istand til å få gjort av lokale leverandørar.

Eg vil konkretisere dette med eit døme.

Når ein kolmuletrålar skulle invesere i turvande wire, måtte ein tidlegare gå til td. Ålesund for å få slått tallorittar på den.

Medan desse tenestane vart utførte var det naturleg at også andre tenester som proviant, bunkers ol. vart utførde der samstundes.

Etter 1978 kunne den før nemde "nøkkelenesta utførast i Fosnavåg, med alle dei fordelane dette inneberar.

Den aukande aktiviteten innan for trålfiskeria generelt, gjer at denne nøkkelmaskina kanskje er ein av dei viktigaste faktorane for å skape positive ringverknader i frå fiskerinæringa.

Ein av dei få tenestane som enno held fiskeflåten til Ålesund, er at ein må dit for å få service på rednings-utstyret.

Det har sidan 1979 vore arbeidd for å få etablerings-løyve for ein slik stasjon i Herøy. Det viser seg nemleg at det før sesongane ofte er ventetid for å få utført slike tenester for båtane.

Den store fiskeflåten i Herøy, saman med den ein har i nabokommunane (Sande, Ulstein, Vanylven osb.) burde gi eit tilstrekkeleg marknadsgrunnlag for ei slik verksemd.

Det som kanskje er viktigare samla sett, er at nettopp denne tenesta kan være ei viktig nøkkelfaktor å minske den store handelslekkasjen ein har påvist i Herøy.

Det ser no ut til at desse planane er nær ei løysing.

Kapittel 8.0.. Søknader om eigedomsrett og konsesjon for fiske for farty over 50 fot

Etter som flåten i Herøy har eit stort omfang, og er differensiert er konsesjonssaker ein stor del av arbeidsmengda på kontoret. Det følgjande kapitlet vil gi ein oversikt over dei sakene som har blitt behandla her på kontoret i dei tre siste åra.

8.1 Søknader om eigedomsrett til fiskefarty.

Tabell 8.1 viser antal søknader, antal innvilga, og antal realiserte søknader om eigedomsrett for fiskefarty.

ÅR	Antal søknader	Innvilga søknader	Realiserte søknader
1980 :	11	8	2
1981 :	9	7	6
1982 :	3	2	1

Søknadane gjeld både eigedomsrett, og overføring av eigedomsrett til nye parthavarar.

For 1980, gjaldt søknadane ; Ein reketrålar, 8 ringnotfarty, ein industritrålar, og ein mindre kombinert garn/line /reketrålar.

Dei to realiserte var 1 ringnot båt som vart sold til eit anna reiarlag innan kommunen, og ein ringnotbåt med overføring av delar av eigarinteressene til nye parthavarar.

For 1981, gjaldt søknadane 5 ringnotfarty, og 4 garn/line-farty. (Eit nybygg). Realisert vart kjøp av eit ringnotfarty, overføring av eigarandelar på 2, og kjøp av alle 4 garn/line-fartya.

For 1982 gjaldt søknadane kjøp av einreketrålar, to ringnotfarty. Berre kjøpet av reketrålaren vart realisert.

Ein kan utifrå desse tala slutte at det framleis er på ringnotsida at aktiviteten har vore størst. Likevel er realiseringsprosenten her lav. Grunnane til dette er i stor mon problem med finansieringa av fartya. Nedgangen i kjøpeaktiviteten generelt må vel sjåast i lys av dei økonomiske tilhøva fiskerinæringa er inne i.

8.2. Søknader om konsesjonar for ymse slag fiske.

Mange av fiskeria til havfiskeflåten er konsesjonbetinga.

Desse konsesjonane gjeld både type fiskeri, kapasitet (lastekap.) reiskap, lagrings og foredlingsmåte, og geografiske avgrensingar for fiskeaktivitet. Desse konseksjonane er for dei fartya som er innbefatta i tabell 8.1 innbefatta i søknadane om eigedomsrett.

I tillegg til dette var det ein god del farty som søkte om nye konsesjonar for å endre, og å utvide både fiskeaktivitet og foredlingsmåte.

I 1980 var det ein ringnot båt som søkte om konsesjon for fryseri ombord. Søknaden vart innvilga.

I 1981 var det ein ringnotbåt som søkte om utviding av fiskeområde for kolmuletråling. Søknden vart avslått. Eit ringnot-farty søkte om løyve til å drive kolmule tråling. Søknaden vart innvilga.

I 1982 var det tre ringnotfarty som søkte om frysærifikonsjon. Alle vart innvilga.

Kapittel 9.0 AQUAKULTUR

9.1 Oppal av matfisk

I motsetnad til mange andre kystkommunar har oppal av matfisk (laks og aure.) fått eit lite omfang i Herøy.

Dette har nok ei rekke årsaker.

For det første vakna nok interessa for slik verksemd for seint i kommunen under oppblomstringsfasen av næringa. I denne perioda var det og lettare og få innpass mhp. konsesjon for slik drift.

Når folk endeleg vakna til å gjere ein skikkeleg framstøyt, hadde allereie vilkåra for konsesjonsløyve byrja å stramme seg til.

I mange av dei aktuelle lokalitetane for slik verksemd har ein dessutan kome i konflikt med andre konkurerande "brukarar" av områda.

Dette gjeld særleg områda mellom Gurskøya og Hareidlandet.

Frå fylkeshald er dette området no foreslått som spesielt verneverdig for fugl og dyrelivet langs kysten.

(området populert kalla "Den grøne korridoren"):

I Herøy var det ingen av dei 12 innkomne konsesjons-søknadane, som kom inn i 1979/80 som fekk tilslagn om løyve til drift.

Dette gjaldt søknader om to anlegg for klekking av smolt, og 10 regulære oppalsanlegg for laks/aure.

Ein har difor stadig berre eit anlegg for oppal av matfisk i kommunen i drift i Herøy. Dette anlegget, "Herøy laks A/S", var inntil 1980/81 lokalisert på Eggesbønesvågen.

Anlegget vart flytta til Stoksund i 1981.

Avdi styresmaktene hevda at det kunne medføre ein viss forureiningsfare med 5000m³ på den nemnde lokaliteten, er no konsesjonen delt med 4000m³ i Stoksund og 1000m³ på Notøy.

9.2 Oppal av matmuslinger

Blåsjell

Etter at interessa for dyrking av blåsjell auka sterkt i Herøy i 1979, vart det sett i gang ei mengd mindre prøve-anlegg på ulike stadar i kommunen.

Etter at desse anlegga har vore i drift ei stund, har nok interessa kjølna ein del. Det har vist seg at sjølv om dei naturgjevne vilkåra forslik drift er til stades, er det ein heil del faktorar som må være til stades om slik verksemd skal gi økonomisk utbytte.

For det første viser det seg at anlegga må være av ein viss storleik om dei skal løne seg. Dette krev etter måten store kapital-investeringar. Konkuransen på marknaden er knallhard, og dette inneber "stordriftsfordelar".

For det andre har ein her som andre stad然 hatt store problem med snylting på anlegga. Storsyndaren er oftast ærfuglen som til tider forsyner seg grovt av blåskjela.

Østers .

Det vart i 1981 starta eit prøveanlegg for dyrking av østers i Herøy. I dette pilot-prosjektet gjekk DU. inn med midlar til delfinansiering av anlegg og drift.

I prøveperioda här ein starta opp med ca. 50000stk. østersyngel. Utifrå dei resultata som no ligg føre ser det ut til at ein kan oppnå lønsamdrift for dette anlegget om ein går opp i ein dyrkingskapasitet på 100000 stk østersyngel.

Aquakulturnæringa har ei framtid i Kyst-Norge. Det er difor viktig at ein i framtida søker å fylge med i utviklinga.

Dette kan på sikt føre til eit viktig tilskot av nye arbeidsplassar for Herøy.

Det er difor også viktig at ein no intensiverar arbeidet med å få avklara dei næringsinteressene Fiskerinæringa/Aquakulturnæringa har i høve til andre potensielle brukarar og interesser i strandsona.

Kapittel 10.0 ANDRE SAKER .

10.1.....Lineeignesentral i Herøy for kystfiskeflåten.

Arbeidet med å etablere ein eller fleire lineeignesentralar, skaut fart i 1980. (Sjå årsm.-79 Fi.sekr. i Herøy).

I byrjinga av 1980 vart arbeidet med å kartlegge interessa for eit slikt prosjekt sett i gang. Fiskerirettleiaren gjennomførte ei spørjeskjema-undersøkjing ikommuna blant moglege interessentar.

Det vart sendt ut 49 skjema til moglege brukarar av slike sentralar.

24 skjema vart returnert i utfylt stand. Eigarane av 4 heilårs-drevne kystfiskebåtar svara ikkje, då dei hadde innstallert eigne frysarar og egnerom i sjøbuene sine.

Det vart vidare sendt ut skjema til eigarar av disponible sjø-eigedomar, og det vart også på dette hald vist stor inntersetning for eit slikt tiltak.

Fiskarane sjølve prioriterte ei lokalisering av sentral/ar i Fosnavåg/Holmefjord -området som ellers har gode hamnetilhøve og andre service-tilbod.

I 1981 fastsette Fiskeridepartementet nye foreskrifter om tilskot til drift av line-eignesentralar. Ordninga var ei utviding av dei tidlegare føreskriftene som gjaldt for Nord-Norge til å omfatte heile landet.

Det vart i 1981 veleteke å opprette lineeignesentralar på to stadar i Herøy. Den eine sentralen vart lokalisert ved fryseriet i Fosnavåg, og fekk frå byrjinga av tilslutnad frå 12-13 farty.

Den andre vart lagt til Leine med ein tilslutnad frå 5 farty.

På Leine hadde alleråiesentralen vore i bruk i fleire år til line-eigning.

Leigeavtalane går i korte trekk utpå at båt-eigaranē held liner og stampar sjølv. Aqn vert innkjøpt av båteigarane. Dei statlege tilskota gjekk inn som betaling for leige av lokala.

10.2.....Forsøksfiske etter makrell.

Fiskerirettleiaren fekk etter søknad hjå "Fondet for fiskeleiting" innvilga 35000 kr. til innkjøp av 90 makrell-garn. i 1979.

Forsøksfisket med drivgarn etter makrell vart gjennomført i det omsøkte området Stadt-Storhlmen i tidsrommet 14.06-23.08-1979.

Forsøket vart gjennomført med to 35 fots sjarkar som kvar disponerte 40 nylongarn og 4 monofil-garn.

Det kan fastslåast at i 1979 var dette forsøksfisket ikkje vellykket.

Faktorar som ulagleg vær, lav sjøtemperatur, og uvanleg store konsentrasjonar av haust-gytande sild påverka nok eindel resultatet i negativ lei.

I 1982 vart det igjen framsett ynskje frå kystfiskarane i kommunen om eit nytt forsøksfiske etter makrell.

Sjark-flåten hadde også i dei siste åra vist ein vedhaldande auke i antal. Dei gode vinter-torsk-sesongane var hovedårsaka til dette.

Driftsgrunnlaget for resten av året er lite på lokale felt.

Linefelta er i stor mon overbeskatta.

Ved å kunne spreie flåten på fleire fiskeri, ville ein kunne få eit betre driftsgrunnlag for alle.

Søknad om forsøksfiske med ein båt vart innvilga.

Etter ynskje frå Fiskeridirektoratet vart fisket oppstarta forholdsvis seint på sommaren(19.07.). Før den tid var det observert ein god del makrell i området. Kystlinebåtane hadde og funne ein god del makrell i lange-magane. Dette tyder på at makrellen har gått relativt djupt.

Forsøket vart gjennomført med 33 makrellgarn i perioden 20.07 -1.08.82. Etter dette vart det fangsta med 45 garn. Fisket gjekk føre seg ut til 25 n. mil av Runde. Fisket var best i byrjinga av perioden, med fangst opp i 900 kg på 45 garn.

Etter som makrellen gjekk djupt kan det ha vore ugunstige straumar og temperaturtilhøve i forsøksperioden på dei aktuelle felta.

Det synes likevel sikkert at det det er mindre mengder av makrell i det aktuelle området enn på tilgrensande område syd om Stadt.

Makrellen var jamt småfallen. Forsøksbåten hadde berre ein fangst med voksen makrell. Dette kan være teikn på at ein har ein god årsklasse av makrell i vekst.

Det synest likevel som at lønsemda i dette fisket i området Stadt Storholmen er marginal. Enkelte gode fangstar kan gjerast, men dei gjennomsnittlege resultata er for lave til at ein kan oppnå særleg lønsemd. Fisket synest difor ikkje å være noko reellt alternativ til kystlinefisket i forsøksområdet.

10.3 Skadar på trålreiskap grunna ureining av havbotnen i Nordsjøen.

Skade-erstatningar løyvt over Olje/fisk-fondet

Ureininga ifrå oljeverksemda i Nordsjøen representerar enno eit av dei største problema for dei båtane som driv trålfiske i Nordsjøen.

For Herøy sitt vedkomande gjeld dette i særleg grad dei båtane som driv industritrålfiske, og i nokon mindre grad seitrålfiske.

Fiskarane prøver å unngå skadar på trålreiskapen ved å plotte inn på karta dei kjende "festa". Det syner seg likevel at det er vanskeleg å unngå skroten då dette er å finne på stadig nye stader.

Ein har i frå dei ansvarlege styresmaktene si side søkt å få bort noko av dette skroten ved å løyve midlar til opprydding utan at det ser ut til at det har hjelpt monleg på situasjonen.

Ei fylgje av den tiltakande tilskrotinga er at fiskefelta har blitt sterkt reduserte.

Over Olje/fisk-fondet kan ein etter søknad få tildelt erstatning for skada fiskereiskap og fangsttap.

Men det er også klart at det er vanskeleg å få dekka den fangstida som går tapt i eit pågåande sesongfiske.

Tabell.10.1: Viser den årlege utviklinga i antal skadar (omsøkte beløp) inkludert fangsttap for åra 1979 til og med 1982.

1979 var eit foreløpig "toppår" når det gjeld antal skadar, etter at ein hadde hatt ein årleg auke i antal i dei tidlegare åra for båtane i frå Herøy. Attendegangen i antal skadar totalt kan skuldast både ei minking i antal båtar og at fiskarane etter kvart har fått "prøva og feila" seg fram til ein betre oversikt over tilskrota område.

Tabell.10.1 Årleg utvikling i antal trålskadar, omsøkte beløp inkl fangsttap, gjennomsnittleg antal skadar pr båt i Herøy-flåten(ind-trål), gjennomsnittleg antal skadar pr båt.

ÅR	1979	1980	1981	1982
Omsøkt skadebel.totalt :	735.000	575.398	546.181	606.738.
Antal skadar	40	27	20	30
Antal farty m.skade	8	7	8	7
Gjsn. ant. skadar pr båt	5,0	3,8	2,5	4,2
Gsn. skadebel. pr. båt	37.889	82.199	68.272	86.676.
Ant. ind.trålarar i drift	10	11	10	10

SLUTTVURDERINGAR

Herøy er ei svært stor og variert fiskerikommune med eit aktivt og pulserande miljø.

Fiskeria har nok for folk heilt opp til i dag vorte betrakta som nærmast ei sjølvfylgje. Men slik er det ikkje lenger.

På grunn av dei begrensingane ein har hatt på ressurssida med fiskekvoter og ulike former for geografiske avgrensingar av fisket, er også denne næringa i stadig aukande grad blitt byråkratisert.

I tillegg til dette er det stadig fleire faktorar utanom sjølve næringa som påvirkar utviklinga. I denne samanhengen kan det punktvis nemnast:

- 1: Konkurerande bruk av fiskefelt, konkuranse om arbeidskraft og kapital først og fremst i frå oljenæringa som ikkje berre har hatt ei nasjonal men også sterkt lokal oppblomstring i dei siste åra.
- 2: Auka konkuranse om bruk av strandsona i frå andre interesser enn fiskerinæringa. (Fritid, naturvern mm.)
- 3: Ei stadig aukande mengde med "papirarbeid for både fiskarar reiarar, reknskapskontor, og sentrale og lokale fiskeristyresmakter herunder rettleingstenesta.

Her på kontoret har vi difor i stadig sterkare grad sett behovet for ein samla fiskeriplan i Herøy, der ein på lokalt nivå søker å femne næringa i si vidaste betydning med tilhøyrande næringar og tenester.

Ein slik plan vil kunne være eit viktig bidrag til at fiskerinæringa kan stå sterkare når ein skal hevde interessene for den opp i mot andre.

